

Vurdering i orden og åtferd ved Tryggheim ungdomsskule

Vedteke av styret ved Tryggheim skular 27.10.2025

Elevane har rett til individuell vurdering og dokumentasjon av opplæringa. (Privatskolelova §2-3a)

Privatskoleforskrifta, kapittel 6, skildrar individuell rett til vurdering. I det fylgjande vil underoverskriftene vere lenka til paragrafane i forskrifta. Avsnitta er utdjupa der det er aktuelt for Tryggheim ungdomsskule. Kontaktlærarar finn og stoff om vurdering på [Vurderingspraksis | udir.no](https://vurderingspraksis.udir.no)

Forskrift til Privatskolelova

§ 6-3. Formålet med og grunnlaget for vurdering i orden og i oppførsel

Formålet med vurdering i orden og i oppførsel er å fremje sosial læring, medverke til eit trygt og godt skolemiljø og gi informasjon om orden og oppførsel.

[Skolereglane](#) er grunnlaget for vurdering i orden og i oppførsel, jf. [privatskolelova § 5A-7](#). Orden heng saman med om elevane er punktlege og førebudd og følgjer opp arbeid. Oppførsel heng saman med om elevane viser omsyn og respekt for andre. Elevane skal vere gjort kjende med skolereglane.

Kompetanse i fag skal ikkje trekkjast inn i vurderinga av orden eller oppførsel. I vurderinga skal det takast omsyn til føresetnadene til elevane.

Det skal ikkje leggjast avgjerande vekt på enkelthendingar med mindre dei er særleg klanderverdige eller grove.

§6-5 Karakterar i orden og oppførsel

For Tryggheim ungdomsskule inneber dette:

- Dersom det er grunnlag for å gje eleven ei anna halvårsvurdering enn «God» skal dette kommenterast yttarlegare.

§6-7 Varsling om at karakteren kan falle bort eller bli sett ned

For Tryggheim ungdomsskule inneber dette:

- Eleven skal ha reelt høve til å vise forbetring i sin orden eller oppførsel etter at varsel er gitt.
- Før varsel vert sendt skal eleven og kontaktlærer samtale om grunnlaget for å varsle. Denne samtalen skal ende med ein avtale mellom kontaktlærer og elev som peiker på korleis orden eller oppførsel kan betrast. Denne avtalen skal sendast heim saman med varselet.
- Ved varsel om nedsett orden eller oppførsel til LG er det *avdelingsleiar* som samtaler med eleven om grunnlaget for å varsle, samt inngå avtale om korleis orden eller oppførsel kan betrast – ikkje kontaktlærer.
- Det skal sendast eige varsel for kvar einskild karakter, både NG og LG, i både orden og oppførsel.
- Varsel for karakteren NG skal normalt sendast når eleven har fått ca 5-6 merknader i anten orden eller oppførsel. Kontaktlærer vurderer i samanheng med kor langt i terminen ein har kome.
- Varsel for karakteren LG skal normalt sendast når eleven har fått ca 15-16 merknader i anten orden eller oppførsel. Kontaktlærer vurderer i samanheng med kor langt i terminen ein har kome.
- Varsel vert sendt elektronisk gjennom skulen sitt skuleadministrative system.

§6-12 Undervegsvurdering i orden og oppførsel

For Tryggheim ungdomsskule inneber dette:

- Alle vaksne på skulen skal i kvardagen rettleie og hjelpe elevane til å lære, og utvikle seg til å passe inn i samfunnet. Det vil også bety å påpeike når elevane ikkje viser orden eller oppførsel som ligg innanfor anten skolereglane eller ordinær og allmenn folkeskikk.
- Kontaktlærer har eit særleg ansvar for å følge opp elevane sine og gjennom dialog hjelpe dei til å forstå seg sjølv og andre i kvardagen.
- Andre tilsette, som sosiallærer eller avdelingsleiar, vil også bidra med samtalar med elevane dersom dette har ein hensikt mot læring for den einskilde elev.
- Ved brot på skulereglane vert dette dokumentert med ein «merknad». Merknaden skal skildre konkret kva brotet går ut på.

§6-14 Halvårsvurdering i orden og oppførsel

For Tryggheim ungdomsskule inneber dette:

- Det er skulereglane som er vurderingskriteria for vurderinga i orden og oppførsel.
- Vurderinga som vert gitt skal vera dokumentert med merknader knytt til brot på skulereglane.
- Karakteren vert i utgangspunktet ikkje vurdert sett ned før ein elev har fått 10 merknader i løpet av ein termin. Ved grove brot på reglementet kan karakteren bli sett ned sjølv om eleven har færre enn 10 merknader.
- For fastsetjing av halvårsvurderinga vert det vist til [instruks for karaktermøte](#).
- Elevar og foreldre får kunngjort karakterane i orden og oppførsel gjennom innlogging til skulen sitt skuleadministrative system på slutten av kvar termin.

§6-17 Standpunktkarakter i orden og oppførsel

For Tryggheim ungdomsskule inneber dette:

- Standpunktkarakteren vert sett etter same kriteria som halvårsvurderinga.
- Det er [karaktermøtet](#) for ungdomsskulen som til slutt sett standpunktkarakter i orden og oppførsel, etter innstilling frå kontaktlærer/trinnet, og i samråd med andre vaksne som er involvert i eleven.

Klage på sluttvurdering

[Teksten under refererer til kapittel 7 i privatskoleforskrifta.](#)

Standpunktkarakterar

For Tryggheim ungdomsskule inneber dette:

- Klagefristen er ti dagar frå karakteren vart gjort kjent.
- Eleven kan, innanfor klagefristen, krevje skriftleg grunngjeving for ein standpunktkarakter. Det er kontaktlærar som grunngjev vurderinga.
- Eleven klager skriftleg til skulen, som sender vidare til statsforvaltaren, dersom skulen ikkje vil gje eleven medhald i klagen.
- Statsforvaltaren konkluderer ved å anten:
 - Avvise klagen
 - Stadfeste karakteren – denne vert då ståande
 - Justere karakteren opp eller ned

Instruks for karaktermøte

- § 1. Leiar har ansvar for å gjennomføra møtet der standpunktkarakteren i orden/åtferd blir fastsett og sørgjer for at det blir ført og underskrive karakterprotokoll.
- § 2. Karaktermøtet fastset karakter i orden/åtferd i møte mellom **alle** tilsette som er involvert med elevane i klasserom og friminutt.
- § 3. Når det er usemje, skal det røystast.
- § 4. Når det er likt røystetal ved fastsetting av **terminkarakteren** i orden/åtferd, har kontaktlærar dobbelrøyst
- § 5. Når er det likt røystetal ved fastsetting av **standpunktkarakteren** i orden/åtferd, har leiar dobbelrøyst.
- § 6. Når leiar er i tvil om reglane for fastsetjing av karakter er blitt følgde, kan leiar krevje nytt møte. Ved likt røystetal har leiar dobbelrøyst.
- § 7. Fastsetting av termin og standpunkt karakteren 1 i fag.
Vurderar ein å gje karakteren 1, må alltid dette leggjast fram for karaktermøtet. Dei som ynskjer det, kan be om innsikt i avgjerda. Leiar må passa på at prosedyrane er fylgde før karakteren 1 kan setjast.
- § 8. Mangel på vurderingsgrunnlag i fag.
Vurderer ein å gje IV (*ikkje vurderingsgrunnlag*), må alltid dette I eggjast fram for karaktermøtet. Dei som ynskjer det, kan be om innsikt i avgjerda.
Leiar må sjå til at prosedyrane er fylgde før vurderinga kan setjast.
- § 9. Dersom borna/søsken til ein av dei tilsette ved Tryggheim ungdomsskule skal vurderast å setjast ned i karakterane «orden og oppførsel» er vedkomande plikta til å forlata romet i den tida drøftinga pågår. Dette gjeld alle tilsette utan unntak. Gjeld og i høve der det er nære familie-relasjonar.